

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 20.06.2013

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- ORTNESET SKYTEHUS. SØKNAD OM TILSKOT OG FORSKOTERING AV MEIRVERDIKOMPENSASJON
- INTERKOMMUNAL BARNEVERNSTILLING FOR GULEN OG MASFJORDEN KOMMUNAR
- SAMHANDLINGSBAROMETERET. VIDARE UTVIKLING OG DRIFT ETTER PROSJEKTFASEN
- KOMMUNALE BUSTADAR FOR BRUKARAR MED SÆRLEGE BEHOV. NY GJENNOMGANG OG VURDERING
- STUDIAR KNYTTA TIL BYGDEUTVIKLINGSTILTAK I GULEN-KOMMUNAL LØYVING
- BRANDANGERSUND VASSVERK SA. KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN
- ÅRSMELDING 2012 FOR GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2012 FOR GULEN KOMMUNE
- DRIFTSRAPPORT 1. TERTIAL 2013 MED REVIDERING AV BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN
- INVESTERINGSBUDSJETTET 2013 - OVERFØRING AV UNYTTA LØYVINGAR FRÅ TIDLEGARE ÅR
- GODKJENNING MED MINDRE ENDRINGAR GBNR. 83/4 VATSVIK/ TUVIKA HYTTEFELT. REGULERINGSENDRING
- GODKJENNING AV GBNR. 95/13, 95/17, 95/19 BYRKNES. REGULERINGSPLAN FOR TAUSEVÅGEN
- GODKJENNING AV PLANPROGRAM FOR HALSVIK ALEXELA INDUSTRIOMRÅDE. REGULERINGSPLAN
- PROSJEKTRKESKAP INVESTERING FOR PERIODEN 2004-2011
- PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2013-2016. GULEN KOMMUNE
- STYRKA DRIFT AV GMU AS. AVKLARINGAR
- INVESTERINGSBUDSJETTET 2013. OVERFØRING AV UNYTTA LØYVINGAR FRÅ 2012
- BRANNORDNING GULEN OG MASFJORDEN. FORLENGING AV PRØVEPERIODE

Stad og tid

Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00.
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Frå ordføreren

Innspurten før sommerferien er alltid hektisk for oss alle. I år har den store saka vore skulebruksplanen for Sogn og Fjordane.



For oss har kampen for å behalde Hordalandsavtalen vore det viktigaste. I Fylkesrådmannen si innstilling var avtalen ute, men med lokal mobilisering ser det ut til at vi skal berge den også i denne omgang. Dette er heilt nødvendig for oss, og vi vil arbeide for å utvide den slik at den kan omfatte alle elevane frå Gulen. Då vert det viktig i denne omgang å få behalde den vi har. Det ser som sagt ut til å gå rette vegen, men vi må fylgje den heilt til vedtak er fatta. Takk til dykk alle som har kjempa i lag for saka.

Denne våren har vore prega av store og kjekke satsinger på industri i Gulen. Både nytt lakselakteri på Byrknes og nytt industriområde i Skipavika har vorte opna med stor fest. I tillegg er det store planar i Gulen Industrihamn med nye investeringar der. På Botnen camping har det vorte satsa stort i vinter, og det ser ut som om det no er berre finpussen som står att, så då rekk dei sesongen. Det er godt å ha eit næringsliv som er offensive og torer å satse, og som skapar mange nye arbeidsplassar. Vi frå kommunen må prøve å legge til rette på best mogeleg måte slik at det vert attraktivt å satse her hjå oss.

For mange står ein velfortent ferie for døra, og vi får håpe på ein fin sommar og litt høgare temperaturer enn det vi har hatt så langt.

God ferie til dykk alle.

Hallvard Oppedal

Utvida utgåve

I denne utgåva av Infoposten ligg vedlagt heile årsmeldinga 2012 for Gulen kommune. Årsmeldinga finn du bakerst i bladet.



Stortings- og sametingsvalet 2013

Den 9. september 2013 er det stortings- og sametingsval i Noreg. Ved stortingsvalet i 2013 skal det veljast fire representantar til Stortinget frå fylket, tre distriktsrepresentantar og ein representant valt som utjamnings-mandat.

Nedanfor finn du, som røystegivar, litt informasjon om valet.

Desse har røysterett ved stortingsvalet

I motsetning til kommune- og fylkestingsval må du vere norsk statsborgar for å kunne røyste ved stortingsvalet. I tillegg må du

- vere fylt 18 år innan utgangen av valåret
- vere, eller nokon gong ha vore, folkeregisterført som busett i Noreg
- ikkje har mist røysteretten din etter Grunnlova § 53

For å kunne røyste ved stortingsvalet, må du òg stå innført i manntalet i ein kommune.

Veljarar busette i Noreg

Alle personar med røysterett blir automatisk førte inn i manntalet i den kommunen der dei var registrerte som busette per 1. juli i 2013.

Dersom du har flytt til ein annan kommune etter 1. juli 2013, er du framleis registrert i manntalet og har røysterett i den kommunen du flytte frå.

Veljarar busette i utlandet

Dersom du bur i utlandet, men har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg ein eller annan gong dei siste ti åra, blir du automatisk ført inn i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett då du flytta frå Noreg.

Manntalslista for heile Gulen kommune vert lagt ut om lag 1. juli i ekspedisjonen i kommunehuset, Eivindvik. Det betyr at du anten kan kontrollere at du står der ved å møte opp sjølv eller ved å ringje til ekspedisjonen på tlf. 57 78 20 00. Lista vert liggjande ute fram til valdagen.

Om namnet ditt ikkje står i manntalslista som er lagt ut, eller om det er andre feil, kan du klage skriftleg til Gulen valstyre, 5966 Eivindvik.

Valkort

Alle veljarar får tilsendt valkort i posten frå sin kommune. Valkortet blir utarbeida på grunnlag av opplysningane i folkeregisteret om bustadadressa til veljarane per 30. juni i valåret.

Det er altså denne adressa som avgjer kva for kommune du har røysterett i.

På valkortet finn du informasjon om opningstid og kva for vallokale du skal bruke på valdagen.

Det er ikkje nødvendig å ha med seg valkortet for å røyste, men det forenkler arbeidet for valfunksjonærane dersom du tar det med. Det går derfor raskare for deg å røyste dersom du har med deg valkortet. Har du ikkje motteke valkortet i posten eller har mista det, kan du altså møte opp i vallokalet likevel for å røyste.

NB! Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon.

Valkorta vil verte sendt ut til veljarar i månadsskifte juli/august

Tidlegrøysting

Du kan røyste frå 1. juli dersom du ikkje har høve til å stemme innanfor den ordinære perioden for førehandsstemming, og heller ikkje på valdagen. I perioden 1. juli til og med 9. august må du då kontakte kommunen og avtale tid for å røyste. Hugs å ta med legitimasjon.

Ordinær førehandsrøysting

Den 12. august startar den ordinære førehandsrøystinga. Du kan røyste på førehand heilt fram til og med 6. september. Hugs å ta med legitimasjon.

Førehandsrøysting kan skje på kommunehuset kvar arbeidsdag mellom kl 10 og 14.

I tillegg vert det høve for alle å røyste på helseinstitusjonane i kommunen. Nærare opplysningar om dette vil kome i eige skriv.

Sjå elles www.valg.no

Karriere HAFS



1. mars 2013 var Randi Kyrkjebø på plass ved eitt av dei fire nyetablerte karrieresentra i fylket. Ho er tilsett i 100 % stilling i Sogn og Fjordane Fylkeskommune, og har kontorstad i andre etasje på Fjalerhuset. Med HAFS-regionen som sitt ansvarsområde vert det også noko reiseaktivitet ut i nabokommunane.

Innbyggjarane i HAFS-kommunane kan få tilbod om rein karriererettleiing, i tillegg tilbyr senteret òg råd og rettleiing om vidaregåande opplæring for vaksne. Tenesta er gratis.

Ulike målgrupper

Dei som kan søkje råd hjå senteret kan vere personar som treng eller ynskjer ei ny utdanning, til dømes grunna omskiftingar i arbeidslivet, helsemessige årsaker, eller rett og slett at dei vil prøve noko nytt. Det kan òg vere personar som ikkje har utdanning frå før.

Mange har lang praksis og god realkompetanse, men inga formell utdanning i yrket sitt. Desse kan få formalisert kompetansen sin gjennom realkompetansevurdering og opplæring, dette kan ein få informasjon og hjelp til ved Karriere HAFS.

Karriererettleiingstenesta skal fungere som ei støttetjeneste for skuleverket. Dei skal tilby støtte- og koordineringsoppgåver som rådgjevarar og kontaktlærarar i grunn- og vidaregåande skule kan nytte. Dette er eit komplekst og omskifteleg felt som det er tidkrevjande å halde seg oppdatert på, og sentra skal fungere som ein ressursbank.

Partnerskap

Karriererettleiingstenesta er eit partnerskap mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, NAV og kommunane i HAFS. Vidare er LO, NHO, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fagskulen i Sogn og Fjordane, Ungt Entreprenørskap og Framtidsfylket samarbeidspartar

Kontaktinformasjon

Randi Kyrkjebø
Tlf. 906 19 033
Epost: randi.linda.kyrkjebo@sfj.no

Ta kontakt på førehand for å avtale tid til samtale.

Beredskapsarbeidet i kommunen

1. Storøving 30. oktober

Gulen kommune skal delta i politiet si nasjonale øving - TYR 2013. Hendinga vil vere ein kollisjon mellom ferje og passasjerbåt i Sognefjorden.

Ei slik hending vil kreve stor innsats frå mange, og det er ca 30 aktørar som er med på øvinga. Gulen skal øve på å ta imot personar frå båtane, og å ta vare på dei i den første tida.

Brann- og redningspersonell, helsepersonell og andre vil verte involverte, i tillegg til at leiinga og staben på kommunehuset skal øve på kriseleiing og informasjonshandtering.

Dei som bur og ferdast langs Sognefjorden vil nok merke stor aktivitet denne dagen, både i luft, på sjø og på veg. Det vil komme meir informasjon når det nærmar seg.

2. Samarbeid om beredskap i Gulen industrihamn, Sløvåg

Det er starta opp eit prosjekt for å samordne og samarbeide om beredskap mellom alle bedriftene i området og kommunen. Kvar bedrift for seg gjer mykje for å minske risikoen, og dei har opplegg for å handtere eventuelle kritiske hendingar. Til saman er der store ressursar både av utstyr, personell og kunnskap. Det kan òg vere førebyggjande tiltak som bør løysast i fellesskap. Vert dette samordna, vil det føre til at den samla tryggleiken for alle vert mykje betre enn når alle jobbar kvar for seg. Prosjektet har fått fornyingsmidlar frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Informasjon om renovasjonsgebyr

Ved ein feil er det dessverre vorte fakturert litt for mykje i renovasjonsgebyr i heile 2012 og 1. kvartal 2013.

Det er snakk om små beløp på kvar abonnent, men vi har likevel valt å rette opp feilen ved å trekke det frå på rekningane for 2 kvartal 2013. Beløpet kjem fram på ei eiga linje teksta med fråtrekk renovasjon 2012/1 kvartal 2013.

Dette til orientering

Gåvedryss frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane



Ved siste utdeling frå Sparebankstiftinga fekk heile fem lag i kommunen tilsegn om tilskot. Kommunen gratulerer dei heldige laga, og ynskjer dei lukke til vidare i det viktige arbeidet dei utfører.

Meir informasjon om tilskotsordninga finn ein på www.sparebankstiftinga.no og neste søknadsfrist er 1. september. Dersom nokon ynskjer hjelp og rettleiing til utfylling av søknaden kan dei ta kontakt med kulturkonsulent Ingvild Høydal.

Dei som fekk tilskot er

Brandangersund samfunnshus	kr 50 000
Brekke Bygdekvinnelag	kr 3 000
Risnehall a/l	kr 50 000
Gulen Fiskarbondemuseum	kr 5 000
Stiftinga Utkant	kr 30 000
Ytre Gulen Sanitetslag	kr 5 000

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet

Revisjon av den kommunale idrettsplanen er i gang og kommunen ynskjer at flest mogleg skal engasjere seg i arbeidet. Me ber difor lag, organisasjonar og andre kome med innspel til både aktivitetsskapande tiltak og anleggsutvikling for komande planperiode.

Innspel til planen kan sendast til Gulen kommune v/ Ingvild Høydal, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik eller til ingvild.hoydal@gulen.kommune.no innan 20. juni.

Innspela må vere skriftlege, kortfatta og underteikna med fullt namn og adresse. Inneverande plan, samt anna informasjon om planarbeidet er lagt ut på heimesidene til Gulen kommune under «Idrett og friluftsliv».

Kulturminneplan

Gulen kommune har vedtatt å starte opp arbeidet med ein lokal kulturminneplan. Me treng hjelp til ein del registreringsarbeid av kulturminner rundt omkring i kommunen og me er difor på jakt etter lag og organisasjonar som kunne tenke seg å bidra.

Det vil bli arrangert opplæring i korleis ein utfører registreringane og vidare rettleiing vert gitt etter kvart. Det vert gitt tilskot til dei lag og organisasjonar som ynskjer å bidra.

Kommunen ynskjer òg tips og innspel til kva for kulturminner som bør vere med i ein slik plan.

For meir informasjon om prosjektet, ver venleg å ta kontakt med kulturkonsulent Ingvild Høydal på ingvild.hoydal@gulen.kommune.no eller telefon 57 78 20 07/971 66 774.

Momskompensasjon til lag og organisasjonar

No kan frivillige lag og organisasjonar søke om momskompensasjon. Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordele ca. ein milliard kroner i momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar i 2013. Nytt av året er at minstegrensene og krava til bruk av revisor er redusert. Etter den forenkla modellen er minstegrensa no 200 000 kroner i totale driftskostnader, mens minstegrensa etter dokumentert modell er 14 000 kroner i meirverdikostnader som det kan søkast kompensasjon for. Underledd av t.d. Norges Idrettsforbund (NIF), 4H Norge, Norges Musikkorpsforbund, Norges Røde Kors treng ikkje å ta omsyn til minstegrensene fordi dei er med i søknaden frå sentralleddet.

De kan lese meir om regelverket for momskompensasjon til frivillige organisasjonar på nettsidene www.momskompensasjon.no. Her finn de òg søknadsskjema.

Dersom de lurar på noko, ta kontakt med lotteri- og stiftelsestilsynet pr. e-post postmottak@lottstift.no eller telefon 57 82 80 00.

Søknadsfrist er 1. september 2013 (1. mai 2014 for idrettsanlegg som har fått spelemiddeltilskot).

Fjordsteam 2013 til Eivindvik

Onsdag 31. juli får Eivindvik besøk av fleire større veteranfartøy på veg til Fjordsteam-samlinga i Bergen. Båtane legg til kai på ettermiddagen og vil bli tekne imot med musikkinnslag og servering på kaia. Torsdag 1. august går turen vidare innom Skjerjehamn på veg til Bergen og det er då høve til å bli med på eitt av fartøya. Følg med for meir informasjon i løpet av sommaren.

Kystsogeveke 2013 er frå 10. august til 15. september. I Gulen vert det arrangert kaidag på Furneset og opne dagar på Sellevåg treskofabrikk, Takle vassbruksmiljø og Gulen fiskarbondemuseum.

Meir informasjon om programmet finn du på www.kystsogevekene.no.

Vil du lære å byggje grindehus?

Vil du vere med på å byggje grindehus i Gulatingsparken, og lære om denne flotte 4000 år gamle byggjeskikken?
Gulen kommune inviterer til kurs i grindebygging i Gulatingsparken **23. – 28. juni 2013**.

Vi startar søndag kveld med litt historie og bakgrunn, og så arbeider vi heile veka med å hogge i hop og reise huset.

Kurset eignar seg både for nybyrjarar og for dei som har vore borti denne byggjeskikken før, men det er ein fordel om du har litt røynsle med trearbeid. Øks, tommestokk og stemjern bør du ha med.

Ta kontakt med kurslærer Ove Losnegård på tlf. 970 79 139 eller prosjektleiar Espen Selvik 409 24 700 om du vil ha meir informasjon.

Påmelding til Espen Selvik.

Hugs å søkje på SMIL-midlane!

Gulen kommune treng enno fleire gode søknader om SMIL-midlar!

Me har fått kr 250 000,- som skal brukast til tiltak innan miljø, kulturminne og kulturlandskap i kommunen i 2013. Alle som eig eller får avtale med eigar av ein landbrukseigedom, kan søkje.

Beiterydding, rehabilitering av gamle bygg og rydding og tilrettelegging av andre kulturminne (t.d. steingardar) kan vere aktuelle prosjekt. Større ryddeprosjekt som ikkje vert følgd opp av tilstrekkeleg hardt beitepress, vert ikkje prioritert.

Ta kontakt med landbrukskontoret dersom du ynskjer meir informasjon om dette.

Søknadsfristen er 20. september 2013.

Plannytt



Nærare informasjon finn du på heimeside

www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 24 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for Trafikktrygging

Godkjenning planprogram i kommunestyret
Førebels utkast sendt til referansegruppe med frist 31.05.2013.

Planarbeidet for planen pågår.

Kommuneplanen for Gulen kommune

Bygdemøtene blir avslutta i juni 2013.
Samfunnsdelen vert utarbeidd med framlegg i september. Arealdelen vert utarbeidd.
Første vurdering av innspel vert i formannskapsmøte 06.06.2013.

Strandsoneanalyse del 2 for Gulen pågår.
Denne vert avslutta i juni 2013.

Reguleringsplanar

Godkjenning av planar

- Tuvika hyttefelt endring, gbnr. 83/4 mm.
- Tausevågen, Byrknes, båthotell, mm.

Overordna vurdering med rullering kommuneplan

- Kvernevågen, Næring og hyttefelt
- Krekebærtua, hyttefelt

1. gongs høyring avslutta:

- Randal hytter, gbnr. 86/3, endring

Godkjenning planprogram for:

- Halsvik Alexela industriområde
- Skipavika Næringspark

Planarbeid pågår for:

- Sollibotn industriområde
- Nappen hyttefelt, Mjømna
- Storevågsneset, Brandanger
- Veg til Kyrkjøyne, endring, Rutledal
- Åmdalsvik hyttegrennd, gbnr. 40/1, Nyborg
- Skipavika Næringspark, gbnr. 79/4, 33
- Fivelsdal gbnr. 78/3, hytter
- Halsvik industriområde – Rørhandteringsanlegg
- Alexela industriområde – Sløvåg sør – terminal med kai
- Gulen industrihamn, reguleringsendring

6 planar ligg på vent hos planleggjar / tiltakshavar.

Sit du på gammalt kommunalt arkivmateriale?



Har du, eller kjenner du til nokon som kan ha, gammalt arkivmateriale frå kommunale nemnder og utval, som skal takast vare på for ettertida?

Vi er spesielt interesserte i kommunale protokollar som ligg att etter tidlegare leiarar i kommunalt valte organ. Slikt materiale tilhøyrer kommunen, og skal oppbevarast i det kommunale arkivet.

Gulen kommune har avtale med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane om oppbevaring av gamle «private» arkiv, som vi også tek i mot. Du kan gå inn på www.fylkesarkiv.no og finne mykje spanande stoff som dei alt har motteke frå Gulen og andre kommunar i fylket. Sjå også tidsskriftet Kjelda, der interessante historier og foto vert presenterte.

Vi vil difor oppmode alle som meiner dei har «historisk» materiale om å ta kontakt med Gulen kommune v/Randi Wergeland på tlf. 951 29 903 eller e-post: randi.wergeland@gulen.kommune.no

Nytt frå Gulen legekantor...

Nye rutinar ved reseptbestilling og henting/sending av medisinar

I heile landet er det no innført elektroniske reseptar, og vi har derfor ikkje papirreseptar lenger. Dette betyr at du no kan gå inn på alle apotek i landet å hente ut medisinar dine.

Får å få reseptar, ringer du til oss på legekantoret, slik som før. Når du har snakka med oss, må du sjølv ringe til eit apotek for å få tilsendt medisin, eller du kan gå inn på eit apotek og hente det der. På apoteket må du opplyse om personnummeret ditt.

Vi kan ved behov sende beskjed til apotek om å sende dykk medisin, men då vil de ikkje kunne bruke andre apotek seinare for denne resepten.

Opningstider og telefon

Legekantoret er, som før, ope tysdag, torsdag og fredag i Eivindvik, måndag i Brekke og onsdag på Byrknes. Det nye no er at de alltid kan nå oss på nummer 57 78 10 90, uansett kva kontor vi er på.

Telefonen er bemanna måndag til fredag frå kl 08.00 om morgonen til kl 15.30 på ettermiddag. Mellom kl 12.00 og kl 13.00 ynskjer vi kun akutte legevaktstelefonar, då vi avviklar lunsj og anna arbeid i dette tidsrommet.

På kveld, natt, helg og heilagdag lyt vi no ringe Nordhordland legevakt på nummer 56 35 10 03.

Bestilling av time og reseptar

Dersom det er nokon som ynskjer å bestille timar og reseptar noko fram i tid, er dette mogeleg å gjere på mail eller SMS.

Send mail om ynskje/opplysningar til post@eivindviklegekantor.nhn.no eller per sms til 459 08 542 (dette er kun for SMS, vi har ikkje høve til å svare på telefonar til dette nummeret). Mail og SMS vil vere betjent tirsdag, torsdag og fredag. Vi svarer så fort vi har høve.

Dersom de lurar på noko er det berre å ta kontakt med oss.

Ynskjer alle ein god sommar

Gulen legekantor

...og frå helsestasjonen

Gulen helsestasjon har ope i heile sommar på hovudkontoret i Eivindvik.

Reisevaksinasjon

Dersom du har behov for reisevaksinar, ta kontakt med helsestasjonen i god tid, helst 6 veker før avreise. For meir informasjon sjå www.fhi.no/vaksiner

På grunn av aukande utbrot av meslingar i Europa leverer Folkehelseinstituttet ut GRATIS MMR-vaksine (meslingar, kusma, røde hunder) for vaksne og andre ikkje-vaksinerte. Ta kontakt med helsestasjonen dersom du ynskjer vaksine. Veke 32 og 33 har vi ope torsdag og fredag (stengt man-ons).

Telefonnummer til helsestasjon

Helsesøster Kjersti Risa
57 78 38 30 / 945 06 799

Helsesøster Hennie Lefdal
57 78 38 08 / 979 75 760

Vi søker støttekontaktar/ avlastarar



Ein ideell jobb for deg som

- gjerne vil gjere noko for andre
- har ledig tid
- har arbeidskapasitet
- er pensjonist
- har engasjement for menneskje som har behov for litt ekstra
- har lyst til å tene litt pengar

Kva jobben inneber

Du reiser heim til ein person med demens og er saman med han, fordi han treng nokon som aktiviserar han. Det vil seie, han treng ein han kan gå tur med, spele eit spel med eller kun snakke med, etc. Det kan òg vere pårørande som treng eit pusterom. Arbeidstida bestemmer du sjølv i samråd med personen og/eller pårørande, og kan vere frå to timar i veka og oppover.

Du kan vere støttekontakt/avlastar for fleire brukarar av tenesta. Tal timar pr. brukar vert tildelt av kommunen. Du får tilbod om opplæring før du startar, og rettleiing undervegs.

NB! Vi treng òg støttekontaktar til personar som ikkje har demens. Vi treng både menn og kvinner.

Du får timeløn frå kommunen.

For nærare informasjon, ta kontakt med Demensteamet

Pårørandeskule

Hausten 2013 startar Demensteamet opp att med Pårørandeskule i samarbeid med Helselaget i Brekke.

Vi startar opp 3. september på Dalsøyra Skule. Vi møtest annakvar tysdag frå kl 18.00 til 20.00, 6 ganger, og avsluttar 12. november.

Tema

- Kva er demens, enkel sjukdomslære og endra åtferd
- Kommunikasjon og samhandling
- Sorg og tap
- IPLOS, samtykkekompetanse, hjelpeverge og rettstryggleik

- Rettar, tilbod frå det offentlege (kommune og NAV)
 - Hjelpemidlar, kva fins av praktiske råd
- Alle som har person med demens i sitt nærmiljø (familie, venn, nabo etc) er velkomne!

Pårørandeskulen er gratis.

For nærare informasjon, kontakt Demensteamet. Du kan melde deg på til Demensteamet innan 1. august.

*Demensteamet i Gulen kommune
Tlf. 416 10 972 eller 957 02 551
frå måndag til fredag, kl.12.00- 16.00*

Takkehelsing

I anledning Kreftforeningens «Krafftak mot kreft» fekk vi inn 14 773 kroner i Gulen kommune. Takk til alle som tok godt imot bøssebærarane!

Ein spesiell takk til dei som gjekk med bøsser:

- Ytre Gulen idrettslag
- Eivindvik Idrettslag
- Brekke helselag
- Frivillige medarbeidarar ved Gulen sjukeheim

Venleg helsing

Anne Karin D. Haveland og Jill-Eva Areklett,
ressurssjukepleiarar i Gulen kommune

Kaidag i Furneset

11. august kl 12.00 vert det arrangert kaidag på kaia i Furneset.

Det vert rekebord på kaien, salgsboder, mini-loppemarked, palleløp, musikalske innslag av Øyklang og Masfjorden Trekkspelklubb med meir.

MS Oster kjem med passasjerar frå Fønnes, "Bakkejekta" kjem frå Hyllestad, RS Utvær og Eliasbåtane blir på plass.